

Gloppen kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 04.02.2015
Møtestad: Gloppen heradshus, kommunestyresalen
Møtetid: Kl. 10:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet. Revisor i sak 003/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar 1 - 2015
003/15	Revisor sin eigenvurdering av ubundenskap
004/15	Årsmelding 2014 - Gloppen kontrollutval
005/15	Møteplan 2015 for Gloppen kontrollutval
006/15	Oppfølgingsliste 1-2015
007/15	Eventuelt

Med helsing

Bjarne Bø
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 04.02.2015	Saksnr 001/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/96
---	----------------------	------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 04.02.2015	Saksnr 002/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/93
---	-------------------------	------------------------------

Skriv og meldingar 1 - 2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	28.01.2015	Fylkesmannen sin tilsynsrapport med Gloppen kommune som barnehagemyndigheit, tilsyn i perioden 27.11.2014-20.1.2015	15/208
2	28.01.2015	Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram i Gloppen kommune, datert 15.12.2014	15/210
3	28.01.2015	Sak 084/14 Økonomiplanen for 2015-2018, inkludert årsbudsjett for 2015, handsama i kommunestyret 15.12.2014	15/209
4	27.01.2015	Skatterekneskapen for 2014 frå Skatteoppvekjaren i Gloppen kommune, datert 20.1.2015	15/185
5	01.12.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	14/804
6	13.01.2015	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat	15/79

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



TILSYNSRAPPORT

Kommunen som barnehagemyndighet

Gloppen kommune

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	3
2. Om tilsynet med Gloppen kommune	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit.....	4
2.2 Tema for tilsyn	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet	4
3. Kommunen som tilsynsmyndigheit, barnehagelova § 16	5
3.1 Rettsleg krav, barnehagelova § 16.....	5
3.2 Fylkesmannen si undersøking	5
3.3 Fylkesmannen si vurdering.....	5
3.4 Fylkesmannen sin konklusjon	6
4. Avslutting av tilsynet.....	6

Samandrag

Tema

Det er gjennomført tilsyn med tema kommunen som barnehagemyndighet, jf. barnehagelova § 8. Hovudtema for tilsynet er kommunen som tilsynsmyndighet, jf. barnehagelova § 16.

Formål med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å styrke kommunen si rolle som barnehagemyndighet. Gjennom tilsynet ønskjer Fylkesmannen å setje søkelys på barnehagemyndigheita sitt ansvar for å sikre etterleving av krava i barnehagelova, både for kommunen som barnehagemyndighet og for den enkelte barnehage. Gjennom kontroll med at kommunen følgjer opp ansvaret sitt på dette området, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

Enkelte av kommunen sine oppgåver er særskilt regulerte i barnehagelova kap. IV "*Barnehagemyndigheita sine generelle oppgåver*". Ansvaret inneber mellom anna kommunen si rettleiing og kontroll med at barnehagane vert drivne etter gjeldande regelverk kommunen som tilsynsmyndighet, tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16.

Gjennomføring

Gloppen kommune har til saman åtte barnehagar der fem er ikkje - kommunale. Tilsynet er utført ved gjennomgang av innsendt dokumentasjon.

Status på rapporten og vegen vidare

Fylkesmannen avdekka ingen lovbrøt og rapporten er endeleg. Tilsynet vert med denne rapporten sett på som avslutta

1. Innleiing

Fylkesmannen har i perioden frå 27.11.2014 til 20.01.2015 gjennomført tilsyn med Gloppen kommune som barnehagemyndighet. Fylkesmannen avdekka ingen lovbrøt og rapporten er endeleg.

Konklusjonen bygger på konkret kjeldemateriale i innsendt dokumentasjon og tek berre utgangspunkt i status på det tidspunktet som tilsynet er gjennomført.

2. Om tilsynet med Gloppen kommune

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 andre ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er tilsyn med dei lovpålagde oppgåvene til kommunen, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane i forvaltningsretten. Tilsynet skal vere prega av openheit, likebehandling, skal kunne etterprøvast og gjennomførast på ein effektiv måte.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, vert dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er barnehagelova eller forskrift til barnehagelova som er brotne.

2.2 Tema for tilsyn

Det er gjennomført tilsyn med tema, kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8. Hovudpunkta i tilsynet er kommunen som tilsynsmyndigheit, jf. barnehagelova § 16.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Gloppen kommune vart opna gjennom brev 27.11.2014. Kommunen er pålagd å leggje fram dokumentasjon for Fylkesmannen med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er basert gransking av skriftleg dokumentasjon frå kommunen.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- organisasjonskart for kommunen
- delegasjonsreglement for kommunen
- kommunen si årsmelding
- kommuneplan for Gloppen
- Utviklingsplan 2014 - 2020
- kommunale og ikkje- kommunale vedtekter for barnehagane
- plan for tilsyn av kommunale og ikkje - kommunale barnehagar
- tidsplan for tilsyn
- dokumentasjon på gjennomførte tilsyn
- rapportar etter gjennomførte tilsyn

3. Kommunen som tilsynsmyndighet, barnehagelova § 16

3.1 Rettsleg krav, barnehagelova § 16

«Kommunen fører tilsyn med verksemder etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjente eller godkjenningsspliktige verksemder. Dersom ein ikkje rettar seg etter fristen for retting, eller dersom forhold ikkje let seg rette, kan kommunen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda.»

Kommunen som barnehagemyndighet fører tilsyn med kommunal og ikkje – kommunal barnehage for å sikre at dei vert drivne etter gjeldande regelverk og har ei forsvarleg drift. Tilsyn etter barnehagelova omfattar alle krav stilte i lov og forskrifter. Tilsyn er ei sentral oppgåve som kommunen utfører kontinuerleg. Tilsynet omhandlar revisjonskontroll og rettleiing av barnehagesektoren. Kommunen som barnehagemyndighet vurderer om barnehagen vert driven etter barnehagelova og om barnehagetilbodet er forsvarleg. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold ved godkjende eller godkjenningsspliktige verksemder, jf. barnehagelova § 16, generelle merknader.

3.2 Fylkesmannen si undersøking

Fylkesmannen har undersøkt innlevert dokumentasjon, og innhaldet i dokumentasjonen er kontrollert opp i mot krav fastsette i barnehagelova. Fylkesmannen har motteke eigenvurderingsskjema og svarbrev frå Gloppen kommune som er grunnlag for Fylkesmannen sine vurderingar.

3.3 Fylkesmannen si vurdering

Delegasjonsreglementet seier ikkje noko om kven som har delegert ansvar for å føre tilsyn med barnehagane etter barnehagelova § 16.

Gloppen kommune ved oppvekstsjef har tett kontakt med kommunale og ikkje – kommunale barnehagar gjennom faste månadlege møte med styranane. Alle barnehagane jobbar tett med oppvekstsjefen om felles utviklingsplan og kartleggingsmetodar i arbeidet med språk. Oppvekstsjefen samlar inn alle årsplanar og brukar elektronisk system for heilskapleg oversikt over den enkelte barnehage og barnetalet.

Gloppen kommunen har plan for å føre tilsyn med barnehagane, og gjennomfører tilsyn med barnehagane annakvart år. Årsplanar, registrering i Basil og tett dialog med barnehagane dannar grunnlag for tilsynstema og objekt. Tilsynsplanen inneheld eige spørreskjema brukt i tilsynet knytt til barnehagelova. Dette kontrollerer rammefaktorar som omhandlar fysiske forhold og det pedagogiske innhaldet i barnehagen. Tilsynet vert gjennomført av oppvekstsjef saman med sakshandsamar eller rådgjevar i kommunen. Kommunen hentar inn skriftleg og munnleg dokumentasjon i tilsynet.

Gloppen kommune har gjennomført tilsyn med barnehagane i 2012 og 2013. Kommunen lagar rapport etter gjennomført tilsyn som skildrar val av tema, gjennomføring og resultat i

form av avvik og merknad. Rapportane inneheld avvik og merknad som barnehagen skal følge opp til gitt dato. Alle tilsyna er avslutta med dokumentasjon på at avvik er lukka. Rapportane etter tilsyn inneheld ikkje opplysningar om klageretten. Av opplysningane i eigenvurderingsskjema vert denne informasjonen gitt barnehagane munnleg.

3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen sin konklusjon er at Gloppen kommune har rutinar for rapportering og tilsyn som tilfredsstiller krav fastsette i barnehagelova. Gloppen kommune bør likevel få på plass i delegasjonsreglementet kven som har delegert ansvar for å føre tilsyn med barnehagane jf. barnehagelova § 16.

4. Avslutting av tilsynet

Fylkesmannen avdekka ingen lovbrøt og rapporten er endeleg. Tilsynet vert med denne rapporten sett på som avslutta

Bodhild Therese Cirotzki

Rådgjevar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram

i Gloppen kommune

Adressa til verksemda: Grandavegen 9, 6823 Sandane
Tidsrom for tilsynet: 04.07.2014 – 15.12.2014
Kontaktperson i verksemda: Nav-leiar Øyvind Hervik

Samandrag

Rapporten gjer greie for eventuelle avvik som blei avdekt, og eventuelle merknader som vart gitt, innanfor revisjonsområdet. Systemrevisjonen gjaldt følgjande: om kommunen sikrar at tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram blir gjort i samsvar med lov- og forskriftskrav.

Tilsynet undersøkte om kommunen gjennom systematiske styringstiltak (internkontroll) sikrar at tildeling og gjennomføring fører til at personar som har rett til kvalifiseringsprogram får ei forsvarleg teneste.

Merknad:

*Gloppen kommune kan betre internkontrolltiltaka slik at det blir **enno** mindre fare for svikt når det gjeld tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram.*

Dato: 15.12.2014

Elisabeth Lund-Iversen
revisjonsleiar

Kari Vold Olsen
revisor

Innhald

Samandrag	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av kommunen	3
3. Gjennomføring.....	3
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4
6. Regelverk	5
7. Dokumentunderlag.....	5
8. Deltakarar ved tilsynet	6

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i Gloppen kommune i perioden 04.07.2014 – 15.12.2014. Revisjonen er ein del av den planlagde tilsynsverksemda hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2014.

Fylkesmannen har heimel til å føre tilsyn med sosiale tenester i NAV etter lov om sosiale tenester i NAV § 9.

Føremålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen tek hand om ulike krav i lovgjevinga gjennom internkontroll. Revisjonen omfatta å undersøke:

- kva tiltak verksemda har for å avdekke, rette opp og førebygge brot på lovgjevinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- om tiltaka er gode nok til å sikre at lovgjevinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten gjer greie for eventuelle avvik som er avdekt under revisjonen og gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, ikkje er oppfylte.
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finn grunn til å peike på potensiale for betring.

2. Omtale av kommunen

Gloppen kommune hadde pr. 01.04.2014 5711 innbyggjarar.

Nav-kontoret er ei av einingane under helse- og omsorgssjefen, og Nav-leiar rapporterer til helse- og omsorgssjefen.

Alle tilsette i Nav-kontoret skal kunne informere brukarar og samarbeidspartar om kvalifiseringsprogrammet. Fire tilsette i kontoret utgjer «Forvaltningsteamet». Dette teamet behandlar søknader om kvalifiseringsprogram, gjerne i samarbeid med kontaktpersonen til brukaren i «Oppfølgingsteamet». Leiar godkjenner vedtaka. «Oppfølgingsteamet» består av fem tilsette. Desse arbeider med gjennomføring av kvalifiseringsprogram, det vil seie utarbeiding og evaluering av program, oppfølging av deltakaren og koordinering i forhold til samarbeidspartar.

Kommunen hadde i første halvår 2014 tre innbyggjarar som hadde økonomisk stønad som einaste inntekt i fire månader eller meir. To innbyggjarar var i ein slik situasjon på tidspunktet for tilsynsbesøket. Ingen innbyggjarar var deltakarar i kvalifiseringsprogram på tidspunktet for tilsynsbesøket. Ein hadde vore deltakar fram til og med 31.08.2014 og ein annan fram til og med 31.10.2013.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel: sendt 04.07.2014.

Oversikt over dokument som kommunen har sendt over i samband med tilsynet, og dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Opningsmøte: 17.11.2014.

Intervju: sju personar blei intervjuet.

Sluttmøte: 18.11.2014.

4. Kva tilsynet omfatta

Kommunen er pålagt å føre internkontroll med tenesta kvalifiseringsprogram. Føremålet med tilsynet var å undersøke om kommunen gjennom styringstiltak sikrar at tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram skjer i samsvar med lov- og forskriftskrav slik at det blir gitt forsvarlege tenester til dei som har rett til kvalifiseringsprogram.

Tilsynet hadde som føremål å undersøke om kommunen sikrar at kvalifiseringsprogrammet er tilgjengeleg for potensielle deltakarar, om det blir gjort forsvarlege identifiseringsprosessar og om det blir gitt tilstrekkeleg informasjon om retten til kvalifiseringsprogram. Vidare undersøkte vi om kommunen sikrar at kartleggings-, vurderings- og avgjerdsprosessane ved behandling av søknader om kvalifiseringsprogram er forsvarlege.

Føremålet var også å undersøke om kommunen sikrar forsvarleg gjennomføring av kvalifiseringsprogram ved å sikre at tidsfrist for iverksetting av program blir haldne. Vidare undersøkte vi om innhald og omfang av kvalifiseringsprogramma er forsvarleg. I dette ligg det at programma blir individuelt tilpassa ved at den einaskilde sine behov og føresetnader blir teke omsyn til og at programma inneheld arbeidsretta tiltak, arbeidssøking og eventuelt andre tiltak som kan vere med på å førebu og støtte opp under overgang til arbeid. Vidare undersøkte vi om kommunen sikrar forsvarleg oppfølging av deltakarar i kvalifiseringsprogram.

5. Funn

Tilsynet avdekket ikkje avvik.

Det vart gitt ein merknad.

Merknad:

*Gløppen kommune kan betre internkontrolltiltaka slik at det blir **enno** mindre fare for svikt når det gjeld tildeling og gjennomføring av kvalifiseringsprogram.*

Merknaden byggjer på følgjande:

- Dokumentgrunnlag og intervju viste at kommuneleiinga ikkje har aktivitetar for systematisk å overvake og gå gjennom internkontrollen for å sikre at den fungerer som føresettt og bidreg til kontinuerleg betring.
- Gjennom dokumentgrunnlag og intervju kom det fram at Nav-kontoret har eit skriftleg avvikssystem, medan avvik som skal meldast frå Nav-kontoret til kommuneleiing skal meldast munnleg.
- Dokumentgrunnlaget viser at Nav-kontoret har gjennomført ei risikovurdering av KVP-området i forkant av tilsynet. Det kom ikkje fram om kommuneleiinga følgde med på at det blir gjort slike evalueringar (t.d. risikovurderingar, ROS-analysar, internrevisjonar eller andre kartleggingar), eller om kommunen har eit system for evaluering/betringsarbeid.

6. Regelverk

- LOV 2009-12-18-131: Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- LOV 1967-02-10: Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker med forskrift til forvaltningsloven
- FOR-2010-11-19-1463: Forskrift om internkontroll i arbeids- og velferdsforvaltningen
- FOR-2011-12-21-1471: Forskrift om kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad
- Hovedrundskriv nr 35 av 22.06.2012: lov om sosiale tjenester i NAV – Arbeids- og velferdsdirektoratet

7. Dokumentunderlag

Fylkesmannen mottok følgende dokumentasjon fra kommunen knytt til den daglige drifta av kvalifiseringsprogrammet:

- Oversendingsbrev med informasjon om ansvars- og oppgåvefordeling, møtestruktur internt og med kommuneleinga, avvikssystem, opplæring, brukarundersøking, tal personar som har økonomisk stønad som einaste inntekt
- Organisasjonskart Gloppen kommune
- Samarbeidsavtale mellom kommunen og Nav Sogn og Fjordane
- Risikovurdering av KVP-området
- Rutinar for behandling av søknad om deltaking og forlenging av KVP
- Rutine for stans av KVP
- Rutine for behandling av søknad om permisjon frå KVP
- Rutine for klagebehandling av vedtak om KVP
- Retningslinjer for kvalitetssikring av vedtak som gjeld KVP
- Rutine for avvikshandtering

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Kvalitetssystemet til NAV Gloppen
- Standard for arbeidsretta brukaroppfølging i NAV
- Mapper til personar som har hatt økonomisk stønad som einaste inntekt i fire månader eller meir: 2 stk
- Mapper til personar som har hatt kvalifiseringsprogram: 2 stk

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Revisjonsvarsel sendt 04.07.2014
- Korrespondanse om kontaktperson i kommunen endring av dato for tilsynet
- Dokumentasjon frå kommunen motteke 06.10.2014
- Program for tilsynet sendt 24.10.2014
- Førebels rapport frå tilsynet sendt 19.11.2014

8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opnings- møte	Intervju	Slutt- møte
Anita Lothe	Helse- og omsorgssjef	x	x	x
Øyvind Hervik	Nav-leiar	x	x	x
Ragnhild Sollid	Sosialkurator	x	x	x
Randi Brynstad Skaaden	Sosialkurator	x	x	x
Lars Berntzen	Rådgjevar	x	x	x
Marit Skinlo	Rådgjevar	x	x	x
Anne-Pia Nygård	Førstekonsulent	x	x	x

Frå tilsynsorganet deltok:

Rådgjevar Elisabeth Lund-Iversen (revisjonsleiar)

Seniorrådgjevar Kari Vold Olsen (revisor)

Rådgjevar Siren Rørgård Skjerven (observatør)



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	08.12.2014	024/14
Rådet for funksjonshemma	08.12.2014	022/14
Administrasjonsutvalet	09.12.2014	022/14
Formannskapet	15.12.2014	132/14
Kommunestyret	15.12.2014	084/14

Avgjerd av: Formannskapet Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 145	Arkivsaknr.: 14/951-22
---	-------------------------------------	----------------------------------

Økonomiplanen for 2015-2018, inkludert årsbudsjettet for 2015 - endeleg behandling

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
236330	Økonomiplanen for 2015-2018 - formannskapet sitt ulleggingsframlegg

Frå formannskapet si behandling av saka:

Bakgrunn for saka:

Denne saka er formannskapet sitt framlegg til økonomiplan for 2015-2018, med årsbudsjettet for 2015 som første år i planen. Framlegget byggjer på rådmannen sitt utkast til plan datert 3. november 2014, korrigert med formannskapet sitt vedtak i sak 116/14 og hovudutvala si behandling av budsjett- og økonomiplansaka.

Frå tidlegare behandling av saka (i redigert form):

07.11.2014 FORMANNSKAPET

116/14 VEDTAK:

Formannskapet viser til rådmannen sitt første utkast til årsbudsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018, og ber om at denne blir lagt til grunn for råda og utvala si behandling av saka, med desse endringane (tal i 1.000 kroner):

Redusert ramme til formannskapet	1.000	1.000	1.000	1.000
Redusert ramme til oppvekstutvalet	1.000	1.000	1.000	1.000
Redusert ramme til helse- og omsorgsutvalet	1.000	1.000	1.000	1.000
Redusert ramme til teknisk og landbruksutvalet	500	500	500	500
Reduser ramme til kultur- og miljøutvalet	200	200	200	200
Inntekter frå Gloppenstasjonane	4.000	4.000	4.000	4.000
Ref. sjukepengar utan innleige av vikar	1.000	1.000	1.000	1.000
Bruk/avsetting av/til disposisjonsfondet	892	3.335	-1.445	-1.445

Vedtaket var samrøystes.

Framlegget til budsjett- og økonomiplan er drøfta i desse møta utan at noko vedtak er blir fatta:

10.11.2014 Rådet for funksjonshemma, sak 18/14
10.11.2014 Eldrerådet, sak 20/14
11.11.2014 Kultur- og miljøutvalet, sak 72/14
11.11.2014 Oppvekstutvalet, sak 25/14
12.11.2014 Helse- og omsorgsutvalet, sak 37/14
19.11.2014 Formannskapet, sak 122/14

Hovudutvala sine vedtak:

11.11.2014 Teknisk og landbruksutvalet, sak 46/14

Teknisk og landbruksutvalet vil spare kr 500.000,- på teknisk sektor ved å sette ledig stilling som byggesaksbehandlar/jurist vakant.

18.11.2014 Administrasjonsutvalet, sak 18/14

Administrasjonsutvalet tar rådmannen sitt framlegg til økonomiplan til orientering med følgjande merknader:

- Det bør gå fram av planen kva midlar som er sette av til opplæring og kompetansehevande tiltak, og at kompetanseplanen blir følgt opp
- Administrasjonsutvalet er samd i at innsparingane hovudsakleg skjer ved at ledige stillingar ikkje blir lyste ut, og at fast tilsette ikkje blir sagt opp.

18.11.2014 Oppvekstutvalet, sak 32/14

1. Oppvekstutvalet vedtek desse kutta på sitt budsjettområde:
 - Ikkje tilbod om barnehageplass til barn utan rett, kr 166.000,-
 - Ikkje bemanning av resepsjonen på Grandane, kr 167.000,-
 - Redusert lærartettleik i valfag på Gloppen ungdomsskule, kr 37.000,-
 - Utsifting av multifunksjonsmaskiner, kr 61.000,-
 - Billigare fibertilknytning for skular og barnehagar, kr 64.000,-
 - Reduksjon av val på SFO, kr 48.000,-
 - Ta bort «Inn på tunet» i Breim, kr 50.000,-
 - Reduksjon av etter- og vidareutdanning i barnehagane, kr 50.000,-
 - Reduksjon av etter- og vidareutdanning i skulen, kr 150.000,-

2. Dette gjev desse reduksjonar i rådmannen sitt budsjettframlegg for oppvekstutvalet sitt område:

Teneste	Formål/omtale		
20100	Barnehagane, blir redusert med	kr	317.000,-
20200	Grunnskulen, blir redusert med	kr	448.000,-
21500	Skulefritidstilbodet, blir redusert med	kr	48.000,-
Sum innsparing		kr	813.000,-

3. Oppvekstutvalet ber om at det blir arbeidd vidare med

- ei eiga sak om konsekvensane av tiltaket om å ikkje tilby barnehageplass til barn utan rett. Utvalet er opptekne av at Gloppen kommune skal ha eit barnehagetilbod som ivaretek brukarane på ein best mogeleg måte
- ei evaluering av tiltaket «Inn på tunet» i løpet av første kvartal 2015
- opprustinga/nybygg til Hyen skule. Utvalet ønskjer å prioritere dette i det vidare arbeidet med investeringsplanen for kommunen
- ei satsing på etter- og vidareutdanning for tilsette i barnehagar og skule. Ved eventuelle tilførte friske midlar skal denne posten prioriterast
- tiltaksrapportar for bassenga i Breim og Hyen. Ein slik rapport skal ligge føre innan 1. mars 2015.

18.11.2014 Kultur- og miljøutvalet, sak 76/14

1. Kultur- og miljøutvalet vedtek desse kutta/denne inntektsauken på sitt budsjettområde:
 - Reduksjon av driftsutgiftene til naturforvaltning og friluftsliv, kr 10.000,-
 - Reduksjon av driftsutgiftene til Gloppen Folkebibliotek, kr 10.000,-
 - Auke billettinntekter ved Gloppen kino, kr 10.000,-
 - Auke billettinntekter ved Trivselshagen Bad, kr 60.000,-
 - Reduksjon av utstyrskjøp ved kulturskulen, kr 20.000,-
 - Reduksjon av ramma for Trivselshagen kultur, kr 70.000,-
 - Reduksjon av overføringa til fellesrådet, kr 20.000,-
2. Dette gjev desse reduksjonane i rådmannen sitt budsjettframlegg for kultur- og miljøutvalet sitt område:

Teneste	Formål/omtale		
36000	Naturforvaltning og friluftsliv, blir redusert med	kr	10.000,-
37000	Gloppen Folkebibliotek, blir redusert med	kr	10.000,-
37300	Gloppen kino, blir redusert med	kr	10.000,-
38100	Kommunale idrettsbygg, blir redusert med	kr	60.000,-
38300	Kulturskulen, blir redusert med	kr	20.000,-
38600	Kommunale kulturbygg, blir redusert med	kr	70.000,-
39000	Overføring til fellesrådet, blir redusert med	kr	20.000,-
Sum innsparing		kr	200.000,-

3. Investeringspunktet «Kontorlokale for kyrkja» vert teke ut av investeringsplanen. Kultur- og miljøutvalet ber om å få framlagt eiga sak om felles kyrkjekontor for Gloppen med sikte på handsaming i løpet av fyrste halvår 2015

18.11.2014 Helse- og omsorgsutvalet, sak 41/14

1. Helse- og omsorgsutvalet vil spare kr 1.000.000,- innan helse- og omsorgssektoren ved å ta ut 1,2 årsverk i heimetenesta og 0,05 årsverk i Åsavegen. Dette er nye årsverk som var lagt inn som ein auke i budsjettet
2. Helse- og omsorgsutvalet vil utgreie eit prosjekt med utgangspunkt i å auke grunnbemanninga. Dette for å redusere vikarbruk og sjukefråvær.

Helse- og omsorgsutvalet ser på dette som eit aktuelt og viktig tiltak i samband med å lette arbeidspress, redusere sjukefråværet, både langtids og korttids, samt gjere det enklare for våre tilsette å stå lenger i stillingane.

Prosjektet skal vera klart i løpet av våren 2015.

Nye opplysningar i saka:

Vi har ikkje fått opplyst kva konsekvensar budsjettavtalen på Stortinget har for den enkelte kommune. I økonomiplanen som no blir lagt fram, er derfor regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2015 lagt til grunn.

Saksutgreiing:

Budsjettdokumentet er oppdatert i samsvar med den politiske behandlinga som har vore, med unnatak av vedtaket frå oppvekstutvalet. Her er to av tiltaka ikkje lagde inn. Det gjeld å ta vekk den utvida retten til barnehageplass og å fjerne stillinga i resepsjonen på Grandane.

I tillegg er to feil retta opp. Det gjeld

- internkjøp av tenester mellom kulturskulen og oppvekst, der kultruskulen har budsjettert med kr 331.000,- i inntekt utan at oppvekstsektoren har budsjettert med tilsvarende utgift
- tiltaksbudsjettet, der det var langt inn 390.000 for mykje i forventa påfyll på næringsfondet.

Rådmannen har teke ut av investeringsplanen opparbeiding av bustadfeltet i Hetlebakkane på grunn av auka kostander.

Nokre redigeringar er gjort i budsjettdokumentet. Rådmannen håpar på at det går greitt fram kva som er gjort. Endringane er lagde inn med raud skrift.

Dei obligatoriske tabellane (hovudsamandraga) er ikkje med i dokumentet.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen har ikkje ytterlegare vurderingar i saka. Det er likevel rådmannen si klare tilråding at dersom budsjettavtalen i Stortinget gjev kommunen meir inntekter – som ikkje er øyremerka til auka utgifter – så bør desse midlane uavkorta gå til å redusere bruken av disposisjonsfondet.

Framlegget til økonomiplan og årsbudsjett for 2015 skal leggest ut til offentleg gjennomsyn saman med framlegget til gebyr og betalingssatsar. Endeleg tilråding blir derfor ikkje lagt fram no. Utleggingsperioden er rekna frå 28. november til 12. desember.

Slik framlegget til årsbudsjett og økonomiplan no ligg føre, vil endeleg tilråding i saka kunne sjå slik ut:

1. Gloppen kommunestyre godkjenner framlegget til økonomiplan for 2015 – 2018 med eit underskot i budsjettåret 2015 på kr 1.408.000. Underskotet blir finansiert med bruk av disposisjonsfondet slik at budsjettet er i balanse.
2. For årsbudsjettet 2015 gjeld:
 - Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å fordele
 - o avsette midlar på tilleggsløyvingane til lønnsauke
 - o eigendel på sjukepengar
 - o eventuell tilleggsrekning frå kommunen sitt pensjonsselskap
 - o auka inntekter frå kommunale betalingsområde på kr 150.000,-

- Kommunestyret vedtek maksimalsatsane på inntekts- og formueskatt, og fastset satsen for eigedomsskatt til 7 %
 - Kommunestyret vedtek å ta opp til saman kr 47.090.000,- i nye lån til å gjennomføre investeringstiltaka i 2015-budsjettet. Rådmannen får fullmakt til å ta opp låna og rekne ut avdragstid etter reglane om vekta avdragstid for kommunale lån
 - Kommunestyret gir formannskapet og utvala fullmakt til å gjere endringar i årsbudsjettet innanfor sine rammer med desse avgrensingane
 - o endringane skal ikkje føre til behov for auka ramme i budsjettåret, og heller ikkje binde kommunen økonomisk for seinare år
 - o endringane skal ikkje påverke rammene eller oppgåvene til dei andre utvala
 - o fullmakta gjeld ikkje disponering av nye inntekter som det ikkje knyter seg vilkår til
3. Kommunestyret ber rådmannen arbeide fortløpande for å redusere utgiftene/auke inntektene til kommunen slik at bruken av disposisjonsfond kan gå ut.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Formannskapet vedtek å legge vedlagde framlegg til økonomiplan for 2015-2018 og årsbudsjett for 2015, datert 27. november 2014, ut til gjennomsyn fram til 12. desember 2014.

27.11.2014 FORMANNSKAPET

Framlegg frå **Per Jarle Myklebust (Sp)**:

Investeringsbudsjettet

1. Hetlebakkane bustadfelt blir igangsett
2. Hyen skule. Planlegging/oppstartsmidlar på 2 mill. vert ståande i 2016. Utgreiingar skal gje svar på kostnader med opprusting/nybygg med tanke på realisering i økonomiplanen
3. Gamle Gimmedstad kyrkje. Kommunen yter sin del i planlagt restaureringsarbeid, 800.000 kr (ein auke på 500.000 kr).

Driftsbudsjett

Tenesteområde 20200 Grunnskulen vert auka med 50.000 kroner. Vidareføring av «Inn på tunet» ved Breim skule.

Finansiering

1. 150.000 kr i auka i gebyr og betalingssatsar
2. Verknader av budsjettforliket på Stortinget?
3. Auka skatteanslag.

Andre standpunkt

1. Veg i Selvågane går som planlagt. Trafikksikringstiltak

2. Få utgreidd eit fordfond. Bruk av dyrka jord til utbygging vert ilagt krav om innbetaling til fond for tilskot til nydyrking
3. Vurdere utsetting av investering til kontorlokale til kyrkja.

Framlegg frå **Ragnar Eimhjellen** på vegner av **Venstre, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Sjur Atle Austrheim**:

Endringar i forhold til rådmannen sitt reviderte framlegg:

Tiltak	2015	2016	2017	2018
1. Kommunestyre på nett, jfr k-sak 7/13	+ 100			
2. Kontorlokale til kyrkja	- 1.000	- 3.000		
3. Berging av gamle Gimmestad kyrkje	+ 500			
4. Oppstart av planarbeid/prosjektering/plan for finansiering og vurdering av mogeleg spleiselag for gang- og sykkelveg Vonheim-SFE	+ 1.000	finansiert ved bruk av fond		

Framlegg frå **Anniken Rygg (H)**:

Ved auke av takseringsgrunnlaget for eigedomsskatt i 2017 skal det vurderast å gje fritak for eigedomsskatt for nye private bustader.

Framlegg frå **Gunnvor Sunde (SD)**:

Tilbodet om «God start» blir teken inn att i 2015-budsjettet med kr 180.000,-.

Etter gruppemøte vart framlegga korrigererte til:

Framlegget frå **Per Jarle Myklebust** på vegner av **Senterpartiet, Arbeiderpartiet og Samfunnsdemokratane**:

1. Hetlebakkane bustadfelt blir igangsett i 2015 med 12 millionar
2. Hyen skule. Planlegging/oppstartsmidlar på 2 mill. vert ståande i 2016. Utgreiingar skal gje svar på kostnader med opprusting/nybygg med tanke på realisering i økonomiplanen
3. Gamle Gimmestad kyrkje. Kommunen yter sin del i planlagt restaureringsarbeid, 800.000 kr (ein auke på 500.000 kr, dekkja ved bruk av fond)
4. Kontorlokale til kyrkja blir teken ut slik kultur- og miljøutvalet gjer framlegg om i sak 76/14.

Driftsbudsjett

Tenesteområde 20200 Grunnskulen vert auka med 50.000 kroner. Vidareføring av «Inn på tunet» ved Breim skule.

Framlegget frå **Ragnar Eimhjellen** på vegner av **Venstre, Høgre, Kristeleg Folkeparti og Sjur Atle Austrheim**:

1. Kontorlokale til kyrkja blir teken ut slik kultur- og miljøutvalet gjer framlegg om i sak 76/14

2. Gamle Gimmestad kyrkje. Kommunen yter sin del i planlagt restaureringsarbeid, 800.000 kr (ein auke på 500.000 kr, dekkja ved bruk av fond)
3. Oppstart av planarbeid/prosjektering/plan for finansiering og vurdering av mogeleg spleiselag for gang- og sykkelveg Vonheim-SFE blir sett inn med 1 million i 2015 med finansiering frå disposisjonsfondet
4. Oppretthalde utbyggingsramma på 7,3 mill til Hetlebakkane byggefelt inntil endeleg prosjektkostnad er klar
5. Ved auke av takseringsgrunnlaget for eigedomsskatt i 2017 skal det vurderast å gje fritak for eigedomsskatt for nye private bustader.

Framlegg frå **Gunnvor Sunde (SD)**:

Tilbodet om «God start» blir teken inn att i 2015-budsjettet med kr 180.000,-.

Det vart røysta slik:

1. Alternativt mellom pkt 1 framlegget frå Per Jarle Myklebust m/fl og pkt 4 i framlegget frå Ragnar Eimhjellen m/fl:
 - Framlegget frå Per Jarle Myklebust m/fl fekk fem røyster
 - Framlegget frå Ragnar Eimhjellen m/fl fekk fire røyster
2. Pkt 4 i framlegget frå Per Jarle Myklebust m/fl og pkt 1 i framlegget frå Ragnar Eimhjellen m/fl, som vart samrøystes vedteke
3. Pkt 2 i framlegget frå Per Jarle Myklebust m/fl, som vart samrøystes vedteke
4. Pkt 3 i framlegget frå Per Jarle Myklebust m/fl og pkt 2 i framlegget frå Ragnar Eimhjellen m/fl, som vart samrøystes vedteke
5. Framlegget frå Per Jarle Myklebust m/fl om 50.000,- til «Inn på Tunet», som fekk seks røyster
6. Pkt 3 i framlegget frå Ragnar Eimhjellen m/fl, som fekk fire røyster
7. Pkt 5 i framlegget frå Ragnar Eimhjellen m/fl, som fekk fire røyster
8. Framlegget frå Gunnvor Sunde, som fekk to røyster.

128/14 VEDTAK:

Formannskapet vedtek å legge vedlagde framlegg til økonomiplan for 2015-2018 og årsbudsjett for 2015, datert 27. november 2014, ut til gjennomsyn fram til 12. desember 2014, med desse endringane:

1. Hetlebakkane bustadfelt blir igangsett i 2015 med 12 millionar (med fem røyster)
2. Kontorlokale til kyrkja blir teken ut slik kultur- og miljøutvalet gjer framlegg om i sak 76/14 (samrøystes)
3. Hyen skule. Planlegging/oppstartsmidlar på 2 mill. vert ståande i 2016. Utgreiingar skal gje svar på kostnader med opprusting/nybygg med tanke på realisering i økonomiplanen (samrøystes)
4. Gamle Gimmestad kyrkje. Kommunen yter sin del i planlagt restaureringsarbeid, 800.000 kr, ein auke på 500.000 kr, dekkja ved bruk av fond (samrøystes)
5. Tenesteområde 20200 Grunnskulen vert auka med 50.000 kroner til vidareføring av «Inn på tunet» ved Breim skule (med seks røyster).

Nye opplysningar i saka:

Sidan rådet eldrerådet og rådet for funksjonshemma ikkje har gjort vedtak i økonomiplansaka, blir saka lagt fram for råda på nytt.

Rådmannen si vurdering går fram av saka og plandokumentet. Rådmannen har ikkje noko eiga tilråding til eldrerådet og rådet for funksjonshemma si behandling av saka.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

.....

08.12.2014 ELDRERÅDET

024/14 VEDTAK:

Eldrerådet har desse merknadene til økonomiplanen og årsbudsjettet:

Budsjetterte lønnsutgifter er ca 1,5 % høgre enn budsjettert for 2104. Føresetnaden frå staten er ein lønns- og prisvekst på ca 3 %. Dette vert 1,5 % underdekning.

For tenestekområde 25300 og 25400 vil dette utgjere ca kr 1.205.000,-, som vil seie 2,5 stillingar. Dette harmoniserer ikkje med det som vert uttalt frå regjeringspartia. Der vert det sagt at omsorga for eldre og funksjonshemma skal rustast opp.

Vi høyrer at fordelingsposten under teneste 18000 vil rette opp manglane når det gjeld lønnsmidlar. Mangelen i lønnsmidlar vert med rimeleg fordeling likevel 1,5 %.

Vedtaket var samrøystes.

08.12.2014 RÅDET FOR FUNKSJONSHEMMA

022/14 VEDTAK:

Rådet for funksjonshemma har desse merknadene til økonomiplanen og årsbudsjettet:

Budsjetterte lønnsutgifter er ca 1,5 % høgre enn budsjettert for 2104. Føresetnaden frå staten er ein lønns- og prisvekst på ca 3 %. Dette vert 1,5 % underdekning.

For tenestekområde 25300 og 25400 vil dette utgjere ca kr 1.205.000,-, som vil seie 2,5 stillingar. Dette harmoniserer ikkje med det som vert uttalt frå regjeringspartia. Der vert det sagt at omsorga for eldre og funksjonshemma skal rustast opp.

Vi høyrer at fordelingsposten under teneste 18000 vil rette opp manglane når det gjeld lønnsmidlar. Mangelen i lønnsmidlar vert med rimeleg fordeling likevel 1,5 %.

Vedtaket var samrøystes.

09.12.2014 ADMINISTRASJONSUTVALET

022/14 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet har ikkje merknader til formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018.

Vedtaket var samrøystes.

15.12.2014 FORMANNSKAPET

Det har kome inn ein merknad til formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett for 2015 og økonomiplan frå til 2018. Merknaden er frå Midtvegen 615 AS.

I tillegg har samarbeidsutvalet ved Gloppen ungdomsskule sendt brev til kommunepolitikarane datert 21. november i år. Brevet er referert for oppvekstutvalet på møtet den 9. desember.

Merknaden frå Midtvegen 615 AS og samarbeidsutvalet ligg ved saka.

I tillegg vil rådmannen gjere merksam på følgjande:

1. Verknaden av budsjettforliket mellom regjeringa og Krf og Venstre

Denne avtalen gjev kommunen ei meirinntekt på kr 381.000,- samanlikna med formannskapet sitt utleggingsframlegg. Beløpet framkjem som mindre endringar i skatteanslaget, rammetilskotet og inntektsutjamninga.

Rådmannen tilrår at meirinntekta blir brukt til å redusere bruken av disposisjonsfondet.

2. Kvifor har rådmannen ikkje teke med oppvekstutvalet sitt innsparingsframlegg når det gjeld utvida rett til barnehageplass?

Rådmannen sa i formannskapet at årsaka til dette er at det ligg i budsjettforliket på Stortinget, som gjev kommunane meir inntekter enn forutsett i regjeringa sitt framlegg, at retten til barnehageplass skal utvidast. Sjølv om inntektsauken er beskjedne samanlikna med kva det kostar å utvide retten til barnehageplass, har rådmannen lagt til grunn at det ville vere upassande (om eit slikt uttrykk kan brukast) at vi tar vekk denne retten når fleirtalet på stortinget gir kommunane meir pengar for å utvide retten til barnehageplass.

Rådmannen er klar over at eg med dette blandar meg inn i den politiske behandlinga av budsjettet, og dette kan sjølvstendig påtalast.

Innsparinga som følgje av oppvekstutvalet sitt framlegg på dette punktet er liten i 2015, men gjev stor effekt frå 2016.

3. Tilbodet om «God start»

Etter oppvekstutvalet sitt møte den 9. desember fekk rådmannen spørsmål om gje ei kort orientering om «God start» kontra eigen jordmor-teneste. Oppvekstsjefen seier følgjande:

Orientering om korleis «jordmorsaka» står per no

Gloppen kommune si innmelding i «Godstart» var ei prøveordning, og evalueringa etter prøveåret viste at den var lite brukt. Både helsestasjonen og jordmor meinte at vi ville kunne tilby ei minst like god svangerskaps- og barselomsorg på eigen kjøp med

tilsvarande ressursbruk. Ordninga vart difor vedteken avslutta i budsjettvedtaket kommunestyret gjorde i desember 2013 og vedtaket vart effektivt av rådmannen. Oppseiingstida var i avtalen sett til eitt år, noko som inneber at avtalen i praksis er gjeldande ut 2014.

Helsestasjonane har gjennom ein rettleiar til forskrift av 3. april 2003 fått meir omfattande krav til oppfylging av nyfødde gjennom fleire heimebesøk. Dersom denne rettleiaren skal etterlevast, krev det ressursar og sentrale styresmakter har også fokus på styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Faglege vurderingar frå helsestasjon og jordmor låg difor til grunn for at vi i budsjettet for 2015 valde å leggje inn ein 50 % ressurs til jordmor. Dette ville vere tilstrekkeleg til å ivareta dei gravide på ein god måte og etterkome rettleiaren sine tilrådingar om heimebesøk kort tid etter fødsel. Ei slik organisering ville også nå ut til alle i målgruppa, noko vi tydeleg ser at «God start»-tilbodet ikkje gjer. I realiteten ville kommunen hatt 50 % jordmor til stades for kommunen sine innbyggjarar i staden for i underkant av 30 % slik det var i «God start». I tillegg ville det gje helsestasjonen fleire å spele på slik at det vart lettare å halde ope heile året, også i feriane. «God start» er feriestengt dei periodane det er vanskelegast å halde open helsestasjonen grunna ferieavvikling.

Dei som av medisinske årsaker bør vere innlagde sjukehus vert naturlegvis ivaretekne same kva modell kommunen har for jordmortenestene sine.

Vi har ikkje fått på plass eiga jordmor, men vi er i forhandlingar med Helse Førde om kjøp av jordmortenester. Samstundes iverkset vi tiltak for å prøve å få utdanna ei jordmor, dersom nokon av kommunen sine tilsette har interesse for det. Slik interesse har tidlegare vore signalisert, så vi vonar einkvan vil realisere «jordmordraumen» sin. For ein utdanna sjukepleiar er det eitt år utdanning og eitt år turnus, slik at det vil ta oss to år å få på plass ei jordmor på dette viset. Desse to åra må vi difor løyse utfordringa knytt til jordmortenester på anna vis. Helse Førde er ein samarbeidspart som vi arbeider tett med på mange felt, og vi har no ein førespurnad inne om dei har høve til å tilby oss jordmortenester lokalt i Gloppen for 2015. Utfallet av forhandlingane er ikkje klart, men i utgangspunktet ser det ut til å vere to alternativ, reint jordmorkjøp eller kjøp gjennom «God start». Eit tredje alternativ er sjølv sagt at vi får nei, men så langt har dei vore positive til å få fram ei løysing.

For 2015 ser det altså ut til at vi kjem til å kjøpe jordmortenester (kanskje inkludert «God start») frå Helse Førde og samstundes prøver å få utdanna ei jordmor sjølv. Det er ein grunnleggjande føresetnad at dette let seg gjere innanfor dei budsjetterte rammene som ligg i rådmannens budsjettframlegg.

4. Hetlebakkane

Teknisk sjef meiner det er råd å opparbeide bustadfeltet i Hetlebakkane om lag innanfor den kostnaden formannskapet har lagt til grunn. 12,5 millionar er overslaget med dei tiltaka teknisk sjef meiner kan gjerast for å få ned kostnaden, mot 12 millionar i formannskapet sitt framlegg. Prisen på tomtene i feltet vil bli i underkant av 600.000,- viser overslaget frå teknisk sjef.

Rådmannen ber om å få legge fram ei eiga sak om bustadfeltet på januar-møtet i formannskapet, med spesifisert kostnadsoppsett og for å få politisk godkjenning på avtalane om grunnkjøp.

Sidan tomteprisen i dette feltet er om lag det dobbelte av det vi elles har å tilby av kommunale tomter i Gloppen, meiner rådmannen at vi bør forsikre oss om at vi har nokre tomtekjøparar før oppstartsignalet blir gjeve. Dette vil rådmannen kome tilbake til i saka.

5. Avtale med SFE Produksjon AS om forlenga leige av Gloppenstasjonane

Forhandlingane med SFE vart avslutta fredag 12. desember, og vi har ein avtale som gjev kommunen ei leigeinntekt i 2015 på 4,5 millionar. Eiga sak blir lagt fram om godkjenning av avtalen.

I budsjettframlegget er det lagt inn 4 millionar frå SFE i leigeinntekt. Det er ikkje usannsynleg at Gloppen kommune kan få inntektsskatt på leigeinntekta. Denne utgjer 27 %. Viss kommunen må betale inntektsskatt, skal vi også ha frådrag for ein del utgifter. Det er derfor ikkje grunn til å rekne med at 27 % av 4,5 millionar (som utgjer vel 1,2 mill) vil gå med til å betale skatt.

Dette kjem rådmannen tilbake til, men på grunn av det usikre med inntektsskatten, må vi ikkje legge inn meir i nettoinntekt på avtalen enn dei 4 millionane som alt ligg inne.

Rådmannen har vore tydeleg på at eventuelle meirinntekter som følgje av budsjettforliket på stortinget bør brukast til å redusere bruken av disposisjonsfondet i 2015. Eg held sjølvstykkt fast på dette rådet. Med 381.000,- ekstra i skatt og ramme, kan forbruket av disposisjonsfondet i 2015 reduserast til 1.119.000,- (mot 1.500.000,- i formannskapet sitt framlegg frå 27. november i år).

Rådmannen si tilråding blir då:

1. Gloppen kommunestyre godkjenner framlegget til økonomiplan for 2015-2018 med eit underskot i budsjettåret 2015 på kr 1.119.000. Underskotet blir finansiert med bruk av disposisjonsfondet slik at budsjettet er i balanse.
2. For årsbudsjettet 2015 gjeld:
 - Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å fordele
 - o avsette midlar på tilleggsføringane til lønnsauke
 - o eigendel på sjukepengar
 - o eventuell tilleggsrekning frå kommunen sitt pensjonsselskap
 - o auka inntekter frå kommunale betalingsområde på kr 150.000,-
 - Kommunestyret vedtek maksimalsatsane på inntekts- og formueskatt, og fastset satsen for eigedomsskatt til 7 %
 - Kommunestyret vedtek å ta opp til saman kr 46.250.000,- i nye lån til å gjennomføre investeringstiltaka i 2015-budsjettet og opptak av startlån til vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å ta opp låna og rekne ut avdragstid etter reglane om vekta avdragstid for kommunale lån
 - Kommunestyret gir formannskapet og utvala fullmakt til å gjere endringar i årsbudsjettet innanfor sine rammer med desse avgrensingane

- endringane skal ikkje føre til behov for auka ramme i budsjettåret, og heller ikkje binde kommunen økonomisk for seinare år
 - endringane skal ikkje påverke rammene eller oppgåvene til dei andre utvala
 - fullmakta gjeld ikkje disponering av nye inntekter som det ikkje knyter seg vilkår til
3. Kommunestyret ber rådmannen arbeide fortløpande for å redusere utgiftene/auke inntektene til kommunen slik at bruken av disposisjonsfond kan gå ut.

Framlegg frå **Edgar Kvernevik (SD)**:

Kommunestyret vedtek å innføre Bravo-leiken i barnehagane i Gloppen.

Det blir sett av 50.000,- i 2015-budsjettet, med halvårsverknad frå hausten 2015. For resten av perioden blir det innarbeidd 100.000,- kvart år i økonomiplanen.

Tiltaket blir finansiert med ekstra statlege midlar i 2015 og tilsvarande mindre på fond i økonomiplanperioden.

Framlegg frå **Anniken Rygg** på vegner av **Krf, Venstre, Høgre og Sjur Atle Austrheim**:

Formannskapet sitt framlegg blir vedteke med desse endringane:

Hetlebakkane bustadfelt blir igangsett i 2015 med inntil 12 millionar. Oppstart føreset at det ligg til grunn avtale om kjøp av min. fire tomter.

Pkt 2 (kontorlokale til kyrkja), 3 (planlegging Hyen skule), 4 (gamle Gimmestad kyrkje) og 5 (Inn på tunet) som i formannskapet sitt framlegg.

Nye punkt:

Trafikktryggingstiltak:

6. Oppstart av planarbeid/prosjektering/plan for finansiering og vurdering av mogeleg spleiselag for gang- og sykkelveg Vonheim-SFE blir sett inn med 1 million i 2015 med finansiering frå disposisjonsfondet
7. Gloppen kommune forskotter inntil 2 mill. kr til utarbeiding av ein kommunedelplan 615 for parsellen Hyen-Høgemuren i 2017. Tiltaket vert finansiert ved bruk av fond.

Teksttillegg:

8. Ved auke av takseringsgrunnlaget for eigedomsskatt i 2017 skal det vurderast å gje fritak for eigedomsskatt for nye private bustader.

Driftstiltak:

9. Tek inn att tiltaket «God start» - finansiert gjennom avsette lønnsmidlar til jordmortenesta.

Det vart ikkje røysta over framlegga.

132/14 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling:

1. Gloppen kommunestyre godkjenner framlegget til økonomiplan for 2015-2018 med eit underskot i budsjettåret 2015 på kr 1.119.000. Underskotet blir finansiert med bruk av disposisjonsfondet slik at budsjettet er i balanse.
2. For årsbudsjettet 2015 gjeld:
 - Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å fordele
 - o avsette midlar på tilleggsløyvingane til lønnsauke
 - o eigendel på sjukepengar
 - o eventuell tilleggsrekning frå kommunen sitt pensjonsselskap
 - o auka inntekter frå kommunale betalingsområde på kr 150.000,-
 - Kommunestyret vedtek maksimalsatsane på inntekts- og formueskatt, og fastset satsen for eigedomsskatt til 7 %
 - Kommunestyret vedtek å ta opp til saman kr 46.250.000,- i nye lån til å gjennomføre investeringstiltaka i 2015-budsjettet og opptak av startlån til vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å ta opp låna og rekne ut avdragstid etter reglane om vekta avdragstid for kommunale lån
 - Kommunestyret gir formannskapet og utvala fullmakt til å gjere endringar i årsbudsjettet innanfor sine rammer med desse avgrensingane
 - o endringane skal ikkje føre til behov for auka ramme i budsjettåret, og heller ikkje binde kommunen økonomisk for seinare år
 - o endringane skal ikkje påverke rammene eller oppgåvene til dei andre utvala
 - o fullmakta gjeld ikkje disponering av nye inntekter som det ikkje knyter seg vilkår til
3. Kommunestyret ber rådmannen arbeide fortløpande for å redusere utgiftene/auke inntektene til kommunen slik at bruken av disposisjonsfond kan gå ut.

Innstillinga var samrøystes.

15.12.2014 KOMMUNESTYRET

Etter gruppemøte la **Anniken Rygg** fram dette fellesframlegget på vegner av alle **gruppeleiarane**:

Kommunestyret vedtek formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2108 med desse endringane/presiseringane:

- a. Det blir sett av 12 mill. til oppstart av Hetlebakkane bustadfelt i 2015. Oppstart, prosjektkostnad, tomtepris og kartlegging av interessa blir lagt fram i eiga sak
- b. Oppstart av planarbeid/prosjektering/plan for finansiering og vurdering av mogeleg spleiselag for gang- og sykkelveg Vonheim-SFE blir sett inn med 1 million i 2015 med finansiering frå disposisjonsfondet. Vedtaket er gjort med atterhald om godkjenning frå vegeigar
- c. Gloppen kommune forskotterer inntil 2 mill. kr til utarbeiding av ein kommunedelplan for fylkesveg 615 for parsellen Hyen-Høgemuren i 2017. Tiltaket vert finansiert ved bruk av fond. Vedtaket er gjort med atterhald om godkjenning frå vegeigar

- d. Forhandlingane med Helse Førde kring kjøp av jordmorteneste skal også inkludere tenesta «God start»
- e. Kommunestyret ber oppvekstutvalet ta Bravo-systemet opp som sak på nyåret.

Det vart røysta slik:

1. Tilleggsframlegget frå alle gruppeleiarane, som vart samrøystes vedteke
2. Formannskapet si innstilling, med det vedtekne tilleggsframlegget, som vart samrøystes vedteke.

084/14 VEDTAK:

1. Gloppen kommunestyre godkjenner formannskapet sitt framlegget til økonomiplan for 2015-2018 med desse endringane/presiseringane:
 - a. Det blir sett av 12 mill. til oppstart av Hetlebakkane bustadfelt i 2015. Oppstart, prosjektkostnad, tomtepris og kartlegging av interessa blir lagt fram i eiga sak
 - b. Oppstart av planarbeid/prosjektering/plan for finansiering og vurdering av mogeleg spleiselag for gang- og sykkelveg Vonheim-SFE blir sett inn med 1 million i 2015 med finansiering frå disposisjonsfondet. Vedtaket er gjort med atterhald om godkjenning frå vegeigar
 - c. Gloppen kommune forskotterer inntil 2 mill. kr til utarbeiding av ein kommunedelplan for fylkesveg 615 for parsellen Hyen-Høgemuren i 2017. Tiltaket vert finansiert ved bruk av fond. Vedtaket er gjort med atterhald om godkjenning frå vegeigar
 - d. Forhandlingane med Helse Førde kring kjøp av jordmorteneste skal også inkludere tenesta «God start»
 - e. Kommunestyret ber oppvekstutvalet ta Bravo-systemet opp som sak på nyåret
2. Underskotet i budsjettåret 2015 er på kr 1.119.000, og dette blir finansiert med bruk av disposisjonsfondet slik at budsjettet er i balanse.
3. For årsbudsjettet 2015 gjeld:
 - Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å fordele
 - o avsette midlar på tilleggsløyvingane til lønnsauke
 - o eigendel på sjukepengar
 - o eventuell tilleggsrekning frå kommunen sitt pensjonsselskap
 - o auka inntekter frå kommunale betalingsområde på kr 150.000,-
 - Kommunestyret vedtek maksimalsatsane på inntekts- og formueskatt, og fastset satsen for eigedomsskatt til 7 ‰
 - Kommunestyret vedtek å ta opp til saman kr 46.250.000,- i nye lån til å gjennomføre investeringstiltaka i 2015-budsjettet og opptak av startlån til vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å ta opp låna og rekne ut avdragstid etter reglane om vekta avdragstid for kommunale lån
 - Kommunestyret gir formannskapet og utvala fullmakt til å gjere endringar i årsbudsjettet innanfor sine rammer med desse avgrensingane
 - o endringane skal ikkje føre til behov for auka ramme i budsjettåret, og heller ikkje binde kommunen økonomisk for seinare år
 - o endringane skal ikkje påverke rammene eller oppgåvene til dei andre utvala
 - o fullmakta gjeld ikkje disponering av nye inntekter som det ikkje knyter seg vilkår til
4. Kommunestyret ber rådmannen arbeide fortløpande for å redusere utgiftene/auke inntektene til kommunen slik at bruken av disposisjonsfond kan gå ut.

Vedtaket var samrøystes.



SKATTEOPPKREVJAREN I GLOPPEN KOMMUNE

20.01.2015

Arkivkode :
Dykkar referanse :

SEKOM-SEKRETERIAT
Postboks 338


6802 FØRDE

SKATTEREKNESKAPEN FOR 2014

Sender vedlagt skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune sitt årsrekneskap og årsrapport for 2014

Med helsing
Skatteoppkrevjaren i Gloppen

Oddfrid Rønnekleiv
skatteoppkrevjar



Årsrapport for 2014

Skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune



Innhald

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret	3
1.1.1 Ressursar	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret	5
1.4 Skatteutval	5
2. Skatterekneskapen	5
2.1 Avlegging av skatterekneskapen	5
2.2 Margin	6
2.2.1 Margin for inntektsåret 2013	6
2.2.2 Margin for inntektsåret 2014	6
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga	6
3. Innkrevjing av krav	7
3.1 Restanseutvikling	7
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav	7
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	7
3.1.3 Restansar eldre år	8
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år	8
3.2 Innkrevjinga si effektivitet	9
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014	9
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat	9
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve	10
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	10
3.3 Særnamskompetanse	10
4. Arbeidsgjevarkontroll	11
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	11
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar	11
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen	11
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	11
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	11
4.6 Gjennomførde informasjonstiltak	12

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	1,7	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,7	%
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,4	%
Arbeidsgjevarkontroll	0,5	%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar		%
Skatteutval	0,0	%
Administrasjon	0,1	%
(Andel fordelt skal være 100%)	Sum	100 %

Vi er eit lite kontor der arbeidsoppgåvene heile tida går om kvarandre. Å kunne sei nøyaktig kor mykje tid vi brukar på dei enkelte arbeidsfelt er vanskeleg. Det er godt mogleg at vi brukar meir tid på eit arbeidsfelt og mindre på eit anna enn det vi har sett opp her. Informasjon og veiledning tar vi fortløpande når spørsmål kjem. Tidsbruken er vanskeleg å fastsette og ligg inn i dei andre oppgåvene.

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren har 1,7 årsverk. Dette er fordelt med 70% på skatteoppkrevjar Oddfrid Rønnekleiv og 100% på konsulent Elin Johansen.

Oddfrid Rønnekleiv har det overordna ansvaret og har som dagleg arbeidsområde skatterekneskapen og personlege/upersonlege skattyttarar m/innfordring. Elin Johansen har arbeidsområde arbeidsgjevarar m/innfordring og arbeidsgjevarkontroll.

Begge overlappar kvarandre ved ferieavvikling og anna fråvær. Begge har fullmakter i SOFIE og i bank for attesting og godkjenning av utbetalningar. I tillegg har Grete Liv Tisthamar tilgang til SOFIE for å bistå ved ferieavvikling og anna fråvær.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Dei siste åra har antall årsverk til skatteoppkrevjaren gått ned frå 2 årsverk til 1,7 årsverk. Ut frå dei arbeidsoppgåvene skatteoppkrevjaren er pålagt er dette i minste laget. Skatteoppkrevjaren vil likevel sei at arbeidet i 2014 er gjennomført tilfredsstillande.

Både Oddfrid Rønnekleiv og Elin Johansen har jobba med skatterekneskapen i mange år og kjenner arbeidsoppgåvene godt. Oddfrid Rønnekleiv har vore tilsett sidan 1981 og har jobba

med skatterekneskapen i alle år. Elin Johansen har vore tilsett sidan 2002 og var før det i det private næringsliv som rekneskapsfører og revisjonsmedarbeidar.

- **Skatterekneskapet:** Skatteoppkrevjaren meiner kompetansen er tilstrekkeleg og skatterekneskapen vert ført og lagt fram på ein tilfredstillande måte.
- **Innfordring:** Skatteoppkrevjaren meiner kompetansen er tilstrekkeleg. Frå slutten av 2010 opptre skatteoppkrevjaren som særnamsmann. Innfordringsarbeidet vert gjennomført tilfredstillande.
- **Arbeidsgjevarkontroll:** Skatteoppkrevjaren meiner at kompetansen er tilstrekkeleg. Dei planlagde og pålagde kontrollane er gjennomført. Den kontormessige kontrollen er og gjennomført på ein tilfredstillande måte.

1.2 Internkontroll

Skatteoppkrevjaren prøver å ha ein god internkontroll ved å følgje dei rutinar for dokumentasjon, arkivering og oppbevaring av bilag som er gjevne gjennom SOFIE/SKD. Manuelle bilag vert skrivne ut, daterte og underskrivne av den som utfører arbeidet. Ein annan person kontrollerer at det er rett og skriv under. Ved utbetaling i SOFIE/bank er vi 2 personar for denne aktiviteten. Bankavstemming prøver vi å gjere for kvar dag.

Skatteoppkrevjarane i Nordfjord kommunane har eit godt samarbeid og har laga mal for felles rutinebeskrivelsar etter overgang til SOFIE. Den vert oppdatert ca. pr. 20.01. kvart år. Verksemdsplan/driftsplan m/kontrollplan vert utarbeidd og sendt Skatt vest innan 01.mars kvart år.

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har eigen internkontrollperm med dokumentasjon på fullmakter, teieplikt, resultatkrav, rutineskildringar, driftsplan m.m.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Nedanfor viser skatt og arbeidsgjevaravgift som er innbetalt i 2014 sett i forhold til 2013:

	2014	2013
Arbeidsgjevaravgift	kr. 88.359.897,-	kr. 83.829.606,-
Personlige skattytarar	kr. 411.024.820,-	kr. 402.702.395,-
Selskapsskatt	kr. 125.969.700,-	kr. 90.741.336,-
Renter	kr. - 250.746,-	kr. 57.036,-
Innfordring	kr. 2.339,-	kr. 3.754,-
Sum	kr. 625.106.010,-	kr. 577.334.127,-

Det har frå 2013 til 2014 vore ein auke i innbetalt skattar og avgifter på kr. 47.771.883,-. Dette er ein auke på 8,3%. (Frå 2012 til 2013 var det ein nedgang på kr. 31.509.410,- eller 5,2%)

Som talla ovanfor viser er det selskapsskatten som har hatt ein størst auke med heile kr. 35.228.364,-. (Frå 2012 til 2013 hadde selskapsskatten ein nedgang med kr. 66.268.904,-)

Personlige skattytarar hadde ein auke på kr. 8.322.425,- eller 2,1%. (Auken frå 2012 til 2013 var kr. 25.870.851,- eller 6,7%)

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Fordelingsprosenten for personlege skattytarar er for kommunen 29,75 % i 2014 mens for 2013 er den 29,85%. Når det gjeld upersonlege skattytarar får kommunen for 2013 (fordelt i 2014) 1,1%, og det same var den for 2012 (fordelt i 2013).

I 2014 vart det fordelt skatt til Gloppen kommune med kr. 123.868.556,-, mens det i 2013 var kr. 121.562.377,-. Dette er ein auke på kr. 2.306.179,- eller 1,9 %. (Frå 2012 til 2013 var det ein auke på kr. 7.535.518,- eller 6,6%)

Skatteoppkrevjaren forskotsfordela innbetalt skatt i forfallsmånadane slik at kommunen kan disponere pengane før endeleg fordeling ved periodisk oppgjær.

1.4 Skatteutval

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har i 2014 ikkje handsama nokon saker til skatteutvalet. (1 sak i 2013)

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2014 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføring, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollleining.

Årsrekneskapen for 2014 følgjer som vedlegg til årsrapporten og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2013

Innestående margin for inntektsåret 2013, pr. 31.10.2014	kr	0,-
For lite avsett margin for inntektsåret 2013	kr	6.610.685,-

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 01.01.1900

2.2.2 Margin for inntektsåret 2014

Marginavsetning for inntektsåret 2014, pr. 31.12. 2014	kr	38.088.508,-
Gjeldande prosentats marginavsetning: 10 % .	Gyldig frå:	01.01.1900

2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga

Marginavsetning har vore 10% i alle år.

Marginoppgjer for dei 3 siste åra:

- 2011: Underskot kr. 2.508.394,-
- 2012: Underskot kr. 1.540.351,-
- 2013: Underskot kr. 6.610.685,-

Det var for inntektsår 2013 avsett kr. 6.610.685,- forlite i margin. Kommunestyret har ikkje vedteke endringar av prosentatsen for marginavsetning i løpet av 2014.

Det har dei 3 siste åra vore avsett for lite margin. Frå 2011 til 2013 har for lite avsett margin auka kraftig. Det har også tidlegare år vore svingningar i forlite avsett margin. Skatteoppkrevjaren finn ikkje at prosentatsen er vesentleg for lav og gjev grunnlag for endring, men aukar underskotet dei neste åra bør det vurderast om fordelingsprosenten skal aukast.

3. Innkrevjing av krav

3.1 Restanseutvikling

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2014	Herav berostilt restanse 31.12.2014	Restanse 31.12.2013	Herav berostilt restanse 31.12.2013	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	7 647 266	1 665 512	7 636 778	1 665 512	10 488	0
Arbeidsgjevaravgift	73 867	0	83 208	0	-9 341	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	947 132	134 732	805 041	134 732	142 091	0
Forskotsskatt	28 161	0	14 161	0	14 000	0
Forskotsskatt person	2 312 162	767 000	2 392 907	767 000	-80 745	0
Forskotstrekk	37 246	0	89 465	0	-52 219	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	57 804	1 495	58 019	1 495	-215	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	114 890	0	56 607	0	58 283	0
Restskatt person	4 076 004	762 285	4 137 370	762 285	-61 366	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	7 647 266	1 665 512	7 636 778	1 665 512	10 488	0

3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Den totale restansen har auka frå kr. 7.636.778,- pr. 31.12.2013 til kr. 7.647.266,- pr. 31.12.2014. Dette er ein auke på kr. 10.488,-. (Pr. 31.12.2012 var total restanse kr. 8.578.091,-) Den positive utviklinga som har vore dei siste åra har halde fram i 2014. Sjølv om det kvart år kjem til nye restansar som er vanskelege å krevje inn, så har den totale restansen gått opp svært lite. Dei største restansane er på restskatt person og forskotsskatt person.

Når det gjeld berostilte krav så er det ingen endring frå 31.12.2013 til 31.12.2014. Berostilte krav utgjør kr. 1.665.512,- og er ein del av den totale restansen.

Det er i 2014 avskrive totalt kr. 79,-. Dette er fordelt på 1 krav til 1 skattytarar. Dette var rest forseinkingsrenter for skattytar som er busett i utlandet.

Det er ikkje ettergeve skatte- og avgiftskrav i 2014.

Pensjonsgjevande inntekt er nedsett for 5 skattytarar i 2014, med tilsaman kr. 199.728,- i nedsett trygdeavgift.

Avskrivning, ettergjeving og nedsett trygdeavgift utgjer totalt kr. 199.807,-.

Pr.31.12.2014 er sum utlikna skatt personleg skattytarar for inntektsår 2013 kr. 396.750.842,-, mens det for 2012 var kr. 382.921.304,-. Det er betalt ut kr. 50.149.755,- i til gode skatt for 2013 (kr. 43.402.177,- for 2012) og kr. 15.815.790,- skal betalast inn som restskatt for 2013 (kr. 15.657.012,- for 2012)

Pr.31.12.2014 er sum utlikna skatt upersonleg skattytarar for inntektsår 2013 kr.126.960.746,-, mens det for 2012 var kr. 84.558.491,-. Det er betalt ut kr. 11.119.689,- i til gode skatt for 2013 (kr. 36.333.774,- for 2012) og kr. 10.498.842,- skal betalast inn som restskatt for 2013 (kr. 15.127.342,- for 2012)

Det er i 2014 pr. 31.12.2014 innbetalt kr. 88.359.897,- i arbeidsgjevaravgift, mens det i 2013 er innbetalt kr. 83.879.601,-. Av innbetalt arb.gjev.avg. får kommunen ikkje fordelt noko.

Ser vi på restanse restskatt/forskotsskatt personleg skattytarar for alle år, så har 12 skattytarar åleine ein restanse på nesten kr. 6,4 mill. Dette er mykje skjønslinkingar og vanskeleg å krevje inn.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2012	400.311,-	309.913,-
2011	182.454,-	128.370,-
2010	343.416,-	333.436,-
2009 – 1990	5.664.548,-	-----

3.1.4 Kommentrar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Forelda krav pr. 31.12.2014: 0

Samla beløp på forelda krav pr. 31.12.2014: 0

Skatteoppkrevjaren har gått gjennom rapporten «Restanseliste – forelda krav» dato t.o.m. 31.12.2014 og sikra at krav ikkje vert forelda uten at det er iverksett tiltak.

3.2 Innkrevjinga si effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014

RESULTAT OG KRAV PR. 31.12.2014

SKATTE-/AVGIFTSART	ÅR	RESULTAT	KRAV	Differanse
		31.12.2014	31.12.2014	
Restskatt, person - <i>Totalt innbetalt</i>	2012	98,1 %	98,5 %	-0,4 %
Restskatt, upers. - <i>Totalt innbetalt</i>	2012	99,7 %	99,0 %	0,7 %
Forskotstrekk - <i>Totalt innbetalt</i>	2013	100,0 %	99,9 %	0,1 %
Forskotsskatt, person - <i>Totalt innbetalt</i>	2013	100,0 %	99, %	1,0 %
Forskotsskatt, upers. - <i>Totalt innbetalt</i>	2013	100,0 %	99,8 %	0,2 %
Arbeidsgiveravgift - <i>Totalt innbetalt</i>	2013	100,0 %	99,8 %	0,2 %
Restskatt, person - <i>Innfordret</i>	2012	77,5 %	80,0 %	-2,5 %

Som tabellen ovanfor viser har skatteoppkrevjaren nesten nådd alle krav som var sett til innfordringa pr. 31.12.2014.

Unntaket er Restskatt person – Totalt innbetalt. Her ligg vi 0,4% under kravet, men sett i forhold til at berre 1 kommune i Sogn og Fjordane hadde høgare eller like høgt resultatkrav som Gloppen, så er dette eit godt resultat. Resultatkrav for heile Skatt vest pr. 31.12.2014 var på 94% og resultatet 95,62%.

For Restskatt, person – Innfordret låg vi 2,5% under kravet. Pr. 31.12.13 var kravet 65%, mens det auka til 80% pr. 31.12.2014. Resultatkravet for heile Skatt vest pr. 31.12.2014 var 65,0% og resultatet 67,93%. Resultatet til Skatteoppkrevjaren i Gloppen ligg dermed godt over resultatet for heile Skatt vest.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Frå våren 2013 har alle faste purringar blitt automatisk utsendt frå skattedirektoratet. Skatteoppkrevjaren kan derfor bruke tida på dei som ikkje betalar etter vanleg purring.

Utleggstrekk vert sendt både maskinelt og manuelt når vi finn arbeidsgjevar som kan trekkje i løn. Motrekningar vert gjort både i til gode skatt, tilskot frå staten, mva og utbetalningar frå Gloppen kommune.

I 2014 vart det ikkje gjeve nye betalingsordningar innan for skatteoppkrevjaren sine fullmakter eller vart handsama nokon for vidareending til Skatt vest. Alle søknader om betalingsavtale må leverast skriftlig og med dokumentasjon.

Skatteoppkrevjaren opptrer sjølv som namsmann. Det er i 2014 halde 8 utleggsforretningar. Ei av utleggsforretningane er halden for annan skatteoppkrevjar. I tillegg har annen skatteoppkrevjar halde 1 utleggsforretning for skatteoppkrevjaren i Gloppen. Det er sendt varsel om utleggsforretning til langt fleire, men desse har betalt før utlegg vert gjennomført.

Det er i 2014 ikkje sendt bistandsanmodningar til SKO Utland, men vi har sendt 1 krav om hjelp til annan SKO med begjæring om utleggsforretning som vi ikkje har motteke resultat på endå.

Ingen krav er blitt forelda på grunn av manglande tiltak. Det har vore jobba aktivt og målretta i innfordringsarbeidet og det gjev resultat. Det viser både den totale restansen og resultata i tabellen ovanfor.

Skatteoppkrevjaren har i 2014 ikkje sendt varsel eller begjæring om konkurs. Det er heller ikkje sendt krav om tvangssalg til tingretten. Det er sendt 2 varsel om tvangsdekning.

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Det har ikkje vore nokon spesielle forhold i 2014 som har hatt betydning for innfordringsresultatet.

3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Skatteoppkrevjaren vil halde fram med å jobbe aktivt og målretta med restansane for å kunne føre vidare det gode resultatet frå 2014.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren tok i 2010 i bruk særnamskompetanse for utlegg. Dette har skatteoppkrevjaren fullmakt til etter skattebetalingslova. Vi har i 2014 halde 8 utleggsforretningar. Lensmannen har ikkje halde nokon utlegg for skatteoppkrevjaren i 2014.

Når skatteoppkrevjaren sjølv berammar utleggsforretninga er det Gloppen kommune som får gebyr på kr. 1.591,-. Dette gebyret kjem på ved utsending av varsel om utleggsforretning. Det er i 2014 utskreve 11 gebyr på tilsaman kr. 17.501,-.

I dei fleste sakene er det heilt klart ein fordel at skatteoppkrevjaren held utlegg sjølv. Det vert ein raskare og enklare saksgang. Det er ikkje tvil om at dette er ein av grunnane til den positive utviklinga i restansane.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren i Gloppen er ikkje med i noko interkommunalt samarbeid. Alle kontrollane er haldne av tilsett ved skatteoppkrevjaren i Gloppen sitt kontor.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Tal planlagde kontrollar for 2014: 17

Som utgjør: 5 % av totalt tal LTO hos arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2014: 17

Som utgjør: 5 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2013: 16

4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen

Det er i 2014 haldne 6 avdekkingskontrollar, 4 formalkontrollar og 7 oppfølgingskontrollar. Totalt 17 kontrollar.

I 1 av kontrollane er det avdekka beløp, tilsaman kr. 569.613,00.

I 5 av kontrollane er det avdekka feil i form av manglande/feilaktig bruk av skattetrekkskonto og i 3 av kontrollane er det manglande innmelding i AA registeret. I 1 kontroll er det gjeve merknad for at skattetrekk ikkje er trekt etter utskreve skattekort.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren i Gloppen hadde planlagt 17 kontrollar i 2014 og vi har gjennomført 17 kontrollar. Dette var lik krav til antall kontrollar.

Det er kontrollert 4,2% av LTO.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Skatteoppkrevjaren i Gloppen har ikkje delteke i fellesaksjonar. Vi samarbeid med skattekontoret ved valg av kontrollobjekt og får melding frå Skatt vest dersom skattekontoret har hatt/skal ha kontroll av same objekt og kva tid kontrollen vart utført.


Elin Johansen var i 2014 med Skatt vest som observatør på 2 personallistekontrollar.

Vi har i 2014 sendt inn 1 kontroll med anmodning om fastsetting av arbeidsgjevaravgift, vi har motteke fastsetting på denne.

4.6 Gjennomførde informasjonstiltak

Det er i 2014 ikkje sendt ut informasjon til nye arbeidsgjevarar. Dei som har vert nye i 2014 har enten hatt rekneskapskontor som fører lønn eller vore arbeidsgjevar tidlegare. Det har i 2014 vore gjeve informasjon til arbeidsgjevarar og rekneskapsførarar som tek kontakt med skatteoppkrevjaren.

Stad / dato: Sandane 20.01.2015



Skatteoppkrevjar (signatur)

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2014 - signert av skatteoppkrevjaren.

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgsriterier: Komm nr : '1445', År : '2014', Hovedbokstype : 'k'

	Valgt år	Forrige år
Likvider	41 040 998	44 629 181
Skyldig skattektreditorene	-2 473 531	-8 205 307
Skyldig andre	-478 954	28 752
Innestående margin	-38 088 508	-36 452 623
Udisponert resultat	-4	-2
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-88 359 897	-83 829 606
Personlige skatteyttere	-411 024 820	-402 702 395
Selskapsskatt	-125 969 700	-90 741 336
Renter	250 746	-57 036
Innfordring	-2 339	-3 754
Sum	-625 106 010	-577 334 127
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	88 359 895	83 829 606
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	117 665 530	108 089 502
Fordelt til Fylkeskommunen	26 670 971	25 777 011
Fordelt til kommunen	123 868 557	121 562 387
Fordelt til Staten	268 608 607	238 077 688
Krav som er ufordelt	2	0
Videresending plassering mellom kommuner	-67 552	-2 067
Sum	625 106 010	577 334 127
Sum totalt	0	0


SKATTEOPPKREVJAREN
I GLOPPEN KOMMUNE
 6823 SANDANE
 20/01-15 Oddgeir Rønnelid

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrullet marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

Dato: 28.11.2014
Vår referanse: 14/804
Arkiv: FE-007

Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon Frå Etikkonferansen 2014

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14.
Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala.
[Her finn du lenke til Etikportalen der du finn meir om emnet.](#)

Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

[f](#) [t](#) [in](#) [e](#) [Skriv ut](#) [Tips](#)

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.



- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig, av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.

- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

Et godt samarbeid

- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikskonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

Eksempelbank

Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN

Spikkeland, Lise Lokaldemokrati og kommuneøkonomi
Lise.Spikkeland@ks.no

SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER

-  [Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon](#)
-  [Korrupsjonsfaren i kommuner](#)
-  [Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet](#)
-  [Alexandra Bech Gjerv Korrupsjon i kommunene](#)
-  [Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?](#)
-  [Erik Amnå Tillitens gränser](#)
-  [Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper](#)

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

ah@sekom.no

Skriv og melding i kontrollutvala og styret for SEKOM-sekretariat

Dato: 12.01.2015
Vår referanse: 15/79
Arkiv: FE-000

Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat Til informasjon

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tinging rapport med evaluering av kontrollutval og sekretariat frå Deloitte. Klipp frå Regjeringen.no pr 12.1.15:

 Regjeringen.no [Søk](#)

[Tema](#) [Dokumenter](#) [Aktuelt](#) [Departementene](#) [Regjeringen](#)

Du er her: [Regjeringen.no](#) • [Dokumenter](#) • [Rapporter og planer](#) • [Del/tips](#) [Skriv ut](#)

Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat

Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat

Rapport | Publisert: 09.01.2015

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

RELATERT
[> Evaluering av kontrollutvalg og kontrollsekretariat](#)

Deloitte har på oppdrag fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet levert en evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat i kommunene.

Siktemålet med evalueringen er å styrke kunnskapsgrunnlaget om sentrale deler av den kommunale egenkontrollen. Dette skal danne grunnlag for Kommunelovutvalgets vurderinger av egenkontrollen og videre utvikling av egenkontrollregelverket.

Rapporten tegner et bilde av at kontrollutvalgene i stor grad fyller sin funksjon i kommunene på en god måte og er oversendt til kommunelovutvalget.

Pdf-versjon av rapporten: www.regjeringen.no -> Dokumenter -> Rapporter og planer.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 04.02.2015	Saksnr 003/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/22
---	-------------------------	------------------------------

Revisor sin eigenvurdering av ubundenskap

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.01.2015	Erklæring om ubundenskap frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 2.1.2015	1245

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av revisor sin ubundenskap datert 2.1.2015 til vitande.

.

Saksutgreiing:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune, har i brev datert 2.1.2015 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin ubundenskap, sjå vedlagde erklæring.

(utklipp frå brevet til revisor)

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommunelova § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som kan svekke oppdragsansvarleg revisor sin tillit, med omsyn til ubundenskap og objektivitet, ovanfor Gloppen kommune.

Til
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktet

Kopi til:
Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

- Den som utfører revisjon for ein kommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, som gjer at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne:
 - a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særleine tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13:

- Revisor kan ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.


Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
-------------------------------	--	--	---	---

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jf revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgiving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gi tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine egne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering:

Pkt 1: Tilsettingstilhøve.	<i>Eg har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ.	<i>Eg er valt styremedlem i Stryn Røde Kors, men er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit.	<i>Eg deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående.	<i>Eg er gift med Jorunn Guddel som er tilsett som assistent på kjøkkenet ved Stryn omsorgssenter. Søster til Jorunn, Borghild Guddal, er tilsett som avd.ingeniør ved teknisk kontor i Stryn kommune. Bror til Jorunn, Rasmus Guddal, er varamedlem til kontrollutvalet i Stryn kommune. Eg har elles ikkje nærstående som har tilknytning til kommunane slik at dette har betyding for sjølvstende og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgiving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet.	<i>Før slike tenester vert utført gjer eg ei vurdering av rådgivinga eller tenesta sin art i høve til mitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, kan eg ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskild. Revisor gir jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar. Eg gir ikkje rådgiving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i>
Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.	<i>Eg har ikkje gitt tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig.	<i>Eg opptre ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.</i>
Pkt 8: Andre særskilde tilhøve.	<i>Eg kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.</i>


Markvard Sunde
Revisjonssjef

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 04.02.2015	Saksnr 004/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 15/94
---	-------------------------	------------------------------

Årsmelding 2014 - Gloppen kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.01.2015	Årsmelding 2014 - Gloppen kontrollutval	1470

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Årsmelding 2014 frå Gloppen kontrollutval vert godkjent.

.

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding 2014 frå Gloppen kontrollutval til kommunestyret følgjer vedlagt.

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen, og rekneskaps- og forvaltningsrevisjon.

Utkast frå SEKOM-sekretariat

Gloppen kontrollutval

Årsmelding 2014



Kontrollutvalet si handsaming

Dato: 4.2.2015

Saksnummer:

Referanse: 15/212

Innleiing

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det ei eiga forskrift: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegner av kommunestyret, og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2014. Kommunerevisjonen i Nordfjord har vore revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Medlemar

	Faste medlemar
1	Bjarne Bø, leiar
2	Hans Os, nestleiar
3	Svein Helge Hovstad
4	Irene Moen
5	Tone Lise Jacobsen
	Varamedlemar
1	Vigdis Henden
2	Karoline Bjerkeset
3	Jenny Sorterup Hysing

Representasjon: Bjarne Bø deltok på Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sin Fagkonferanse i Haugesund 3.- 4. juni.

Møte og saker

Utvalet hadde 4 møter i 2014 og handsama 30 saker. I 2013 var det 4 møter og 27 saker.

Saker til kommunestyret

Desse sakene har gått vidare frå kontrollutvalet til kommunestyret til handsaming:

Møtedato	Sak nr	Sakstittel
5.2.2014	4	Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen
5.6.2014	11	Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen
	12	Årsrekneskap 2013 – Gloppen kommune

Orienteringar frå rådmannen

Kontrollutvalet har fått orientering frå rådmannen i fylgjande sak i løpet av 2014:

Møtedato	Sak nr	Tema for orientering
5.2.2014	5	Orientering om arbeidet med økonomireglement i Gloppen kommune
20.8.2014	19	Orientering om rutinar for avslutning av investeringsprosjekt, og framdrift i arbeidet med økonomireglementet
26.11.2014	25	Opplæring i bruk av nettbrett for kontrollutvalet (informasjon om løysing for politikarportalen)

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Det har ikkje vore gjennomført selskapskontroll i 2014.

Forvaltningsrevisjonsrapport «Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen» vart sendt til kommunestyret 6.6.2014, og vart vedteken i sak 071/14 handsama 3.11.2014.

Kontrollutvalet har tinga «Kommunal saksgang og dokumenthandtering» som neste forvaltningsrevisjon av Kommunerevisjonen i Nordfjord, og prosjektplanen vart godkjent av kontrollutvalet i møte 26.11.2014 sak 028/14. Leveringsfristen er 1. mars 2015.

Kontrollutvalet har hatt fokus på overordna analyse for Gloppen kommune, og har sendt over vedtak i sak 027/14 til Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord om at: Kontrollutvalet ser det som viktig at Kommunerevisjonen i Nordfjord set i gang arbeidet med overordna analyse tidleg i 2015, for å kunne dra nytte av erfaringar frå noverande politikarar og få deira innspel til aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet har fått fylgjande orientering frå revisor i løpet av 2014:

Møtedato	Sak nr	Tema for orientering
5.11.2014	32	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014

Kontrollutvalet tok eigenvurdering til oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune til orientering i møte 5.2.2014, sak 06/14.

Oppsummering

Alle saklister med vedlegg og møtebøker for kontrollutvalet er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no.

Underskrifter

Sandane, 4.2.2015

Bjarne Bø, leiar

Hans Os

Svein Helge Hovstad

Vigdis Henden

Jenny Sorterup Hysing

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 04.02.2015	Saksnr 005/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/394
---	-------------------------	-------------------------------

Møteplan 2015 for Gloppen kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato 22.12.2014	Tittel Møtekalender for 2015 Gloppen kommune	Dok.ID 1163
-------------------------------	--	-----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan 2015 for Gloppen kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:

4. februar, 18. mars, 5. juni, 16. september og 25. november

.

Saksutgreiing:

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, og for at kontrollutvalsmedlemane skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

I planen for kvar kommune er det, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem til og som hastar, eller av andre årsaker.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møtedato.

Nedanfor er det sett opp samla møteplan 2015 for kontrollutval, formannskap og kommunestyre i Gloppen.

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		4	18			5			16		25	
FORMANNSKAPET	15, 23,29	26	19	16	7	4		20		15	12, 19	14
KOMMUNESTYRET		2	23			15		31	28		2	14

Viser elles til vedlagde møtekalender for 2015 Gloppen kommune.

SEKOM-sekretariat startar med møter og opplæring av kontrollutvala, etter at kommunane har føreteke val av nye kontrollutval og sendt ut opplysningar om dette.



Gloppen kommune

Møtekalender for 2015

	Jan.	Febr.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sep.	Okt.	Nov.	Des.
Kommunestyret		2.	23.			15.		31.	28.		2. ²	14.
Formannskapet	15. og 23. ¹ og 29.	26.	19.	16. og ?. ¹	7.	4.		20.		15.	12. og 19. ³	14.
Helse- og omsorgsutvalet	27.		17.		26.				1.	13.	10. og 17.	8.
Kultur- og miljøutvalet	27.		17.		26.	16.			1.	13.	10. og 17.	8.
Oppvekstutvalet	27.		17.		26.				1.	13.	10. og 17.	8.
Teknisk og landbruksutvalet	27.		17.		26.	16.			1.	13.	10. og 17.	8.
Administrasjonsutvalet	29.		19.		7.				3.	15.	12.	
Eldrerådet	26.		16.			1.		31.		12.	9.	7.
Rådet for funksjonshemma	26.		16.			1.		31.		12.	9.	7.
Kontrollutvalet												
Nordfjordrådet		9.		20.		8.		24.		19.	30.	

¹ Fellesmøte med formannskapa i SiS om kommunereforma

² Presentasjon av rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2016 og økonomiplan for 2016-2019

³ Vedtak om utlegging av formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett for 2015 og økonomiplan for 2015-2018.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 04.02.2015	Saksnr 006/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/347
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 1-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjør endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10	Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september.
Rutinar for avslutta investeringsprosjekt	02.12.2010 03.12.2010 13.12.2010 11.6.2012 23.8.2012 24.8.2012	Sak 018/10 Tilråding til kommunestyret Saka sendt Gloppen kommune. Vedtak kommunestyre sak 057/10: - Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak. - Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast. I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektuert. Sak 025/12 vedtak: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune. Brev til Gloppen kommune.

Orientering om rutinar for avslutning av investeringsprosjekt, og framdrift i arbeidet med økonomireglementet	30.11.2012	Sak 032/12 Orientering. Administrasjonen jobbar med økonomireglementet. Rådmann vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøtet i desember.
	5.2.2014	Sak 05/14 vedtak: Kontrollutvalet tek orienteringa om arbeidet med økonomireglement til vitande.
	20.8.2014	Sak 019/14 vedtak: Kontrollutvalet har ikkje merknader til orienteringa frå rådmannen. Økonomireglementet skal vere klart til 1. mars 2015.
	21.8.2014	Vedtak sendt til Gloppen kommune/rådmannen.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune .	29.5.2013	Sak 013/13 endra prosjekt i forhold til plan.
	22.8.2013	Sak 018/13 tinging
	5.6.2014	Sak 11/14 kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: Kommunestyret viser til revisjonsrapporten, Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014. Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp anbefaling på side 4 i rapporten, og leggje fram ein status for dette arbeidet til kontrollutvalet innan 15.3.2015. I denne vurderinga kan ein spesielt sjå på om disposisjonsfondet kan erstatte vedlikehaldsfond i kulepunkt 5 i anbefalingar.
	6.6.2014 3.11.2014	Sendt Gloppen kommune Sak 071/14 handsama i kommunestyret.
Ekstra påminning om møte: om lag 10 dagar før møtet Innkalling vert utsendt som vanleg 1 veke før møte	20.8.2014	Sak 015/14 vedtak: Kontrollutvalet ynskjer at SEKOM-sekretariat melder frå tidlegare på e-post om møta, og medlemene må då melde raskt tilbake, slik at vara kan få høve til å møte.
Overordna analyse for Gloppen kommune.	20.8.2014	Sak 017/14 vedtak: Kontrollutvalet ber om at kommunerevisjonen kjem med eit framlegg til ny arbeidsmåte og innhald for overordna analyse til neste møte 26. november.
	21.8.2014	Vedtak sendt kommunerevisjonen i Nordfjord.
	12.11.2014	Svar frå revisjonen
	26.11.2014	Sak 027/14 vedtak: Kontrollutvalet ser det som viktig at Kommunerevisjonen i Nordfjord set i gang arbeidet med overordna analyse tidleg i 2015, for å kunne dra nytte av erfaringar frå noverande politikarar og få deira innspel til aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt. SEKOM-sekretariat sender vedtaket over til Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord.
	2.12.2014	Vedtak sendt til Kommunerevisjonen/Samstyret.
Forvaltningsrevisjon – Kommunal saksgang og dokumenthandtering.	20.8.2014	Sak 018/14 vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar, Kommunale saksgangsrutinar, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av Kommunerevisjonen i Nordfjord. • Formålet er å vurdere om Gloppen kommune har ei sakshandsaming som ivaretar den politiske styringa i kommunen, med fokus på saksgang mellom administrasjon og politiske organ. • Problemstillingar: sakshandsamingskapasitet, kvalitet på sakstilfang og overhalding av tidsfristar. • Leveringsfrist 1. mars 2015. 2. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte 26. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.
		Sendt til kommunerevisjonen i Nordfjord.
	21.8.2014	Fått plan frå revisjonen.
	14.11.2014 26.11.2014	Sak 028/14 Prosjektplan godkjent.

Nettbrett til kontrollutvalet	20.8.2014	Sak 020/14 vedtak: Kontrollutvalet ber om at det vert kjøpt inn nettbrett til kontrollutvalet, og at Gloppen kommune gir nødvendig opplæring.
	21.8.2014	Vedtak sendt Gloppen kommune/rådmannen.
	11.4.2014	E-post frå Gloppen kommune til kontrollutvalet om at nettbretta var klare til henting.
	26.11.2014	Sak 025/14 vedtak: Kontrollutvalet vil bruke tilsendt link frå SEKOM-sekretariat for å lese sine sakspapir. Kontrollutvalet ynskjer tilgang til politikarportalen i Gloppen, og medlemmane tar kontakt med Gloppen kommune for å få tilgang og installert pdf-expert på nettbretta.
	2.12.2014	Vedtak sendt Gloppen kommune/rådmannen.
Sak 030/14 Eventuelt.	26.11.2014	Vedtak: 1. SEKOM-sekretariat sender brev til medlem i kontrollutvalet om møteplikt, og melding om forfall og eventuelt søknad om fritak. 2. Kontrollutvalet i Gloppen vil delta på felles møte for kontrollutvala i Nordfjord for å drøfte felles prosjektplan for forvaltningsprosjekt, Samhandlingsreform-erfaringar.
	2.12.2014	E-post til Tone Lise Jacobsen
	2.12.2014	Vedtak pkt 2 sendt til kommunerevisjonen i Nordfjord.
Møteplan 2015	26.11.2014	Utvalet ynskjer møta på onsdagar kl 10.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 04.02.2015	Saksnr 007/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/97
---	----------------------	------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).